



NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalesen

Ja

Personopplysninger

Navn

STIG HAGEN

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningsene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:	Sakstittel
202320330	Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Mitt namn er Stig Hagen, 21 år og eg er imot utviding av Røldal Suldal kraftverk.

Eg er oppvachsen i Røldal og har budd her heile mitt liv. Eg er og oppvachsen med utsikt til den tørrlagte fossen i Novle, som ligg der som eit av mange sår i naturen her.

Det er trist å seie at det ikkje ser ut som at det er nokon framtid for Røldal.

Utbygginga vil iallefall ikkje vera til nokon fordel for bygda og innbyggjarane her.

Som sagt i mitt tidlegare innspel ifrå 2022 sak 201913014 om revisjon av vilkår for regulering av Røldal Suldal vassdraget, sit ein kun igjen med ulempene. Ullensvang og Suldal får berre penger gjennom skatt og konsesjonsinntekter, som er smular i forhold til dei enorme verdiane som vert henta ut av anlegget. Dette hadde dei fått uansett kven som er eigar.

Ellers er det same ulempene som vert nemnd gong på gong. Rasfare, utrygg is, frostrøyk og stygge "strandlinjer" som strekk seg mange titalls meter rundt kvart eit vatn.

Regulering på 80m i Valdalen snakkar for seg sjølve at ikkje er forsvarleg. Det er ein av dei viktigaste tilkomstvegane til Hardangervidda. Med utbygginga og enda hyppigare regulering vert fleire av desse ulempene enda verre.

Innsending av høringsuttalelse

Det vert lokka med mulige 8-12 arbeidsplasser. Det vart og lova arbeidsplasser før 1962 då utbygginga av Valdalsmagasinet fann stad. No er det ein person i Røldal som har fast oppmøte i Røldal for Hydro. Så kva ein skal tru på er ikkje enkelt å vite, når det ikkje er nokon som helst garanti for noko.

Dei snakkar om at det er behov for meir energi og at det er derfor ein må ha pumpekraftverk. I og med at evighetsmaskina ikkje er funnen opp enda, svarer ikkje denne utbygginga seg i energi. Aukinga av produsert energi er ingenting i motsetning til aukinga av penger tent. Som er einaste hydro og lyse er ute etter. Pengar skal ikkje vera god nok grunn for slike utbyggingar.

Spesielt i verdens rikaste land.

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder

455257162_1459857578041364_4758979030211286257_n.jpg